

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyre
Møtestad: Kafeen på Skakke
Dato: 24.02.2026
Tid: Kl. 17:00 - 21:15

Følgande medlemmer møtte Parti

Hilde Hellenes	AP
Margaret Bull-Tornøe	AP
Kenneth Lyng Karlsen	FRP
Roger Tendal	FRP
Trude Enge	FRP
Åge Madsgård	FRP
Arild Stenberg	H
Siri Lundal Hustveit	H
Øyvind Kaldheim	KRF
Liv Kaldheim	SP
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	SP
Sjur Aakra	SP
Ole Funderud	Uavh
Johan Strømsvold	V
Kurt Birger Hagen	VIP

Forfall	Parti	Varamedlemmer	Parti
Andreas Grumheden	AP	Christian Emmerhoff Nilsen	AP
Andreas Aune	SP	Anita Larsen	SP

Møtenotater:

Arild Stenberg (H) blei samrøystes vald til setjevaraordførar.

Ole Funderud (Uavh) var med i hansaming av sakene 001/26 og 002/26.

Møteleiar: Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim

Merknadar til innkallinga: Ingen

Merknader til sakslista: Ingen

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Anita Larsen (Sp) og Christian Emmerhoff Nilsen (Ap)

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
001/26	Samlesak for referatsaker	
002/26	Samlesak for orienteringar	
003/26	Haugaland Vekst IKS - Revidert Selskapsavtale	
004/26	Busetjing av flyktningar 2026	
005/26	Fritidskortet	
006/26	Handsaming av søknad om tilskot til Utbjoa tømmerkai i Vindafjord kommune	
007/26	Mindre endring av føresegner i arealdelen til kommuneplanen for Etne kommune. 2.gangs handsaming.	
008/26	Nyval Eldreråd etter fritak - Ola Djuve	
009/26	Nyval Råd for menneske med nedsett funksjonsevne etter fritak - Linda Moberg	
010/26	Val av representantar til årsmøte i SØK-stiftinga - 2026	
011/26	Val til representantskapet i Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefelleskap	
012/26	Borgarleg vigsel - delegering av mynde til vigsle i juni 2026	
013/26	Oppgradering Etne tinghus - justering av forventa tillegg og usikkerheitsavsetning	Ikkje offentleg

001/26 Samlesak for referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert godkjende slik dei ligg føre.

24.02.2026 Kommunestyre

Behandling

K - 001/26 Vedtak

Samrøystes

Referatsakene er godkjende slik dei ligg føre.

002/26 Samlesak for orienteringar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande.

24.02.2026 Kommunestyre

Behandling

K - 002/26 Vedtak

Samrøystes

Orienteringa vert tatt til vitande.

003/26 Haugaland Vekst IKS - Revidert Selskapsavtale

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyre vedtar revidert selskapsavtale for Haugaland Vekst IKS.

Vedtak som innstilling frå Formannskap, 10.02.2026 - 004/26

Tilråding frå Formannskap**Samrøystes**

Kommunestyre vedtar revidert selskapsavtale for Haugaland Vekst IKS.

10.02.2026 Formannskap**Behandling****F - 004/26 Vedtak****Tilråding frå Formannskap****Samrøystes**

Kommunestyre vedtar revidert selskapsavtale for Haugaland Vekst IKS.

24.02.2026 Kommunestyre**Behandling****K - 003/26 Vedtak****Samrøystes**

Kommunestyret vedtar revidert selskapsavtale for Haugaland Vekst IKS.

004/26 Busetjing av flyktningar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Etne kommunestyre vedtek å busetja 15 flyktningar for året 2026 i tråd med IMDi sitt brev 31.10.2025.
2. Etne kommunestyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å disponera integreringstilskot og andre statlege tilskot knytt til busetjing, slik at kommunen har naudsynte ressursar og kapasitet til å ta imot 15 flyktningar i 2026
3. Busetjing av flyktningar skal så langt det er praktisk mogleg vera utanfor utanfor Etne sentrum, med omsyn til bustadtilgong og individuelle behov.

Vedtak som innstilling frå Eldreråd, 09.02.2026 - 003/26

Uttale frå Eldreråd**Samrøystes**

Eldreråd tek saka til vitande.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 09.02.2026 - 003/26

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Samrøystes

Rådet oppmodar kommunestyret om å nøkternt vurdere talet på flyktningar ein vel å busetje for året 2026.

Ein ber og kommunestyret å vere medvetne om at tenestetilbodet til brukarane som rådet representerer ikkje vert vesentleg skadelidande.

Vedtak som innstilling frå Hovudutval, 11.02.2026 - 003/26

Tilråding frå Hovudutvalet

6 mot 1 røyst

1. Etne kommunestyre vedtek å busetja 5 flyktningar for året 2026 i tråd med IMDi sitt brev 31.10.2025.
2. Etne kommunestyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å disponera integreringstilskot og andre statlege tilskot knytt til til busetjing, slik at kommunen har naudsynnte ressursar og kapasitet til å ta imot 5 flyktningar i 2026
3. Busetjing av flyktningar skal så langt det er praktisk mogleg vera utanfor utanfor Etne sentrum, med omsyn til bustadtilgong og individuelle behov.

09.02.2026 Eldreråd

Behandling

ER - 003/26 Vedtak

Uttale frå Eldreråd

Samrøystes

Eldreråd tek saka til vitande.

09.02.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling

RF - 003/26 Vedtak

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Rådet oppmodar kommunestyret om å nøkternt vurdere talet på flyktningar ein vel å busetje for året 2026.

Ein ber og kommunestyret å vere medvetne om at tenestetilbodet til brukarane som rådet representerer ikkje vert vesentleg skadelidande.

11.02.2026 Hovudutval

Behandling

Endringsforslag - Busetting av flyktninger Etne kommune, foreslått av Trude Enge, Framstegspartiet

Punkt 1 og punkt 2 vert endra til:

1. Etne kommunestyre vedtek å busetja 5 flyktningar for året 2026 i tråd med IMDi sitt brev 31.10.2025.

2. Etne kommunestyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å disponera integreringstilskot og andre statlege tilskot knytt til til busetjing, slik at kommunen har naudsynnte ressursar og kapasitet til å ta imot 5 flyktningar i 2026

Røysting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 1 røyst (Ap).

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med endringsforslag frå Trude Enge (Frp) fekk 6 røyster (H, Frp (2), Sp (2), Ole Funderud (Uavh))

HOV - 003/26 Vedtak

Tilråding frå Hovudutvalet

6 mot 1 røyst

1. Etne kommunestyre vedtek å busetja 5 flyktningar for året 2026 i tråd med IMDi sitt brev 31.10.2025.

2. Etne kommunestyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å disponera integreringstilskot og andre statlege tilskot knytt til til busetjing, slik at kommunen har naudsynnte ressursar og kapasitet til å ta imot 5 flyktningar i 2026

3. Busetjing av flyktningar skal så langt det er praktisk mogleg vera utanfor utanfor Etne sentrum, med omsyn til bustadtilgong og individuelle behov.

24.02.2026 Kommunestyre

Behandling

Tilleggsforslag - Fellesforslag frå Sp, Frp, H, VIP, foreslått av Liv Kaldheim, Senterpartiet

Pkt 5. Etne kommunestyre ser for seg ei gradvis neddimensjonering av flyktningetenesta i kommunen, og sender med dette signal om at det frå og med 2027 ikkje er aktuelt å ta imot fleire flyktningar då føreseielegheita i tildeling frå UDI er for ustabil.

Forslag - Forslag til vedtak - Ap, foreslått av Hilde Hellenes, Arbeiderpartiet

1. Etne kommunestyre vedtek å busetja 15 flyktningar for året 2026 i tråd med IMDi sitt brev 31.10.2025.

2. Etne kommunestyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å disponera integreringstilskot og andre statlege tilskot knytt til til busetjing, slik at kommunen har naudsynnte ressursar og kapasitet til å ta imot 15 flyktningar i 2026

3. Busetjing av flyktningar skal så langt det er praktisk mogleg vera utanfor utanfor Etne sentrum, med omsyn til bustadtilgong og individuelle behov

Tilleggsforslag - Fellesforslag frå Sp, Frp, H, VIP, foreslått av Kenneth Lyng Karlsen, Framstegspartiet
Endring punkt 3. Så framti det ikkje ligg føre tungtvegande grunnar, skal flyktningar i 2026 busetjast i Skånevik, særleg barnefamiljar. Dette for å bidra til folketalsvekst i Skånevik.

Tilleggspunkt 4. Kommunestyre legg situasjonen i kommunen til følge, og vurderer at kommunen ikkje kan busetja einslege mindreårige flyktningar utan følgjeperson.

Røysting

Tilrådinga frå Hovudutvalet fekk 11 (Sp, Frp, H, Vip) røyster og er vedteke.

Framlegg frå Ap fekk 5 (Ap, V, Krf) røyster.

Felles endringsforslag pkt 3 frå Sp, Frp, H, VIP samrøystes vedteke.

Felles tilleggsframlegg pkt 4 frå Sp, Frp, H, VIP vedteke med 13 mot 3 (Ap) røyster.

Felles tilleggsframlegg pkt 5 frå Sp, Frp, H, VIP vedteke med 12 mot 4 (Ap, Krf) røyster.

K - 004/26 Vedtak

1. Etne kommunestyre vedtek å busetja 5 flyktningar for året 2026 i tråd med IMDi sitt brev 31.10.2025.
2. Etne kommunestyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å disponera integreringstilskot og andre statlege tilskot knytt til til busetjing, slik at kommunen har naudsynnte ressursar og kapasitet til å ta imot 5 flyktningar i 2026
3. Busetjing av flyktningar skal så langt det er praktisk mogleg vera utanfor utanfor Etne sentrum, med omsyn til bustadtilgong og individuelle behov. Så framt det ikkje ligg føre tungtvegande grunnar, skal flyktningar i 2026 busetjast i Skånevik, særleg barnefamiliar. Dette for å bidra til folketalsvekst i Skånevik.
4. Kommunestyre legg situasjonen i kommunen til følge, og vurderer at kommunen ikkje kan busetja einslege mindreårige flyktningar utan følgjeperson.
5. Etne kommunestyre ser for seg ei gradvis neddimensjonering av flyktningetenesta i kommunen, og sender med dette signal om at det frå og med 2027 ikkje er aktuelt å ta imot fleire flyktningar då føreseielegheita i tildeling frå IMDI er for ustabil.

005/26 Fritidskortet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar at ordninga med fritidskort for alle i aldersgruppa 11-15 år blir vidareført i 2026 og 2027. Det blir gjennomført ei evaluering hausten 2027 og vurdering av vidareføring av tiltaket. Tiltak blir lagt inn med kr. 250 000 pr. år, inndekning i reduksjon av årsoverskotet.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 09.02.2026 - 005/26

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er positive til fritidskortet.

Vedtak som innstilling frå Formannskap, 10.02.2026 - 007/26

Tilråding frå Formannskap

5 mot 2 røyster

Kommunestyret vedtar at ordninga med fritidskort for alle i aldersgruppa 11-15 år blir vidareført i 2026 og 2027. Det blir gjennomført ei evaluering hausten 2027 og vurdering av vidareføring av tiltaket. Tiltak blir lagt inn med kr. 250 000 pr. år, inndekning i reduksjon av årsoverskotet.

Vedtak som innstilling frå Ungdomsråd, 09.02.2026 - 003/26

Uttale frå Ungdomsrådet: Samrøystes

Ungdomsrådet tilrår at aldersgrensa vert endra til aldersgruppa 6 til 15 år. Ungdomsrådet tek elles saka til vitande.

09.02.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling

RF - 005/26 Vedtak

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er positive til fritidskortet.

10.02.2026 Formannskap

Behandling

Forslag - Framlegg frå Kenneth Karlsen (Etne FrP), foreslått av Kenneth Lyng Karlsen, Framstegspartiet

Kommunestyret vedtar at ordninga med fritidskort blir vidareført i 2026 og 2027, men justert for at alle i aldersgruppa 6-15 år.

Det blir gjennomført ei evaluering hausten 2027 og vurdering av vidareføring av tiltaket. Tiltak blir lagt inn med kr. 250 000 pr. år, inndekning i reduksjon av årsoverskotet.

Røysting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 5 røyster (Sp, Ap, H, Krf)

Framlegg frå Kenneth Lyng Karlsen (Frp) fekk 2 røyster (Frp)

F - 007/26 Vedtak

Tilråding frå Formannskap

5 mot 2 røyster

Kommunestyret vedtar at ordninga med fritidskort for alle i aldersgruppa 11-15 år blir vidareført i 2026 og 2027. Det blir gjennomført ei evaluering hausten 2027 og vurdering av vidareføring av tiltaket. Tiltak blir lagt inn med kr. 250 000 pr. år, inndekning i reduksjon av årsoverskotet.

24.02.2026 Kommunestyre

Behandling

Forslag - Framlegg frå Kenneth Karlsen (Etne FrP), foreslått av Kenneth Lyng Karlsen, Framstegspartiet

Kommunestyret lyttar til innspel frå eit samla ungdomsråd og vedtar at ordninga med fritidskort blir vidareført i 2026 og 2027, men justert for at alle i aldersgruppa 6-15 år.

Det blir gjennomført ei evaluering hausten 2027 og vurdering av vidareføring av tiltaket.

Tiltak blir lagt inn med kr. 250 000 pr. år, inndekning i reduksjon av årsoverskotet.

Frp trakk forslaget sitt.

Endringsforslag - Fritidskort - Sp, Frp, Vip, H, Ap, foreslått av Sjur Aakra, Senterpartiet

Etne kommunestyre vedtek at ordninga med fritidskort for alle i aldersgruppa 6-15 år blir vidareført i 2026 og 2027, i tråd med uttale frå Etne Ungdomsråd. Det blir gjennomført ei evaluering hausten 2027, og vurdering av vidareføring av tiltaket. Tiltaket blir lagt inn med kr 250.000 pr år, inndekning i reduksjon av årsoverskotet.

Røysting

Tilråding frå Formannskap fekk 1 røyst (Krf) og fall.

Felles framlegg frå Sp, Frp, VIP, H, Ap vedteke med 15 (Sp, Frp, VIP, H, Ap) røyster.

K - 005/26 Vedtak

15 mot 1 røyst

Etne kommunestyre vedtek at ordninga med fritidskort for alle i aldersgruppa 6-15 år blir vidareført i 2026 og 2027, i tråd med uttale frå Etne Ungdomsråd. Det blir gjennomført ei evaluering hausten 2027, og vurdering av vidareføring av tiltaket. Tiltaket blir lagt inn med kr 250.000 pr år, inndekning i reduksjon av årsoverskotet.

006/26 Handsaming av søknad om tilskot til Utbjoa tømmerkai i Vindafjord kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å løyve kr 100 000 i kommunalt tilskot til Vindafjord skogeigarlag for utviding av tømmerkaien på Utbjoa.

Tilskotet vert grunngjeve med at kaien har regional betydning for skogbruket, og at ein stor del av tømmeret frå Etne kommune vert skipa ut via kaien.

Tilskotet vert finansiert med bruk av midlar frå disposisjonsfond.

Vedtak som innstilling frå Formannskap, 10.02.2026 - 003/26

Tilråding frå Formannskap

Samrøystes

Kommunestyret vedtek å løyve kr 100 000 i kommunalt tilskot til Vindafjord skogeigarlag for utviding av tømmerkaia på Utbjoa.

Tilskotet vert grunngjeve med at kaia har regional betydning for skogbruket, og at ein stor del av tømmeret frå Etne kommune vert skipa ut via kaia.

Tilskotet vert finansiert med bruk av midlar frå disposisjonsfond.

10.02.2026 Formannskap

Behandling

F - 003/26 Vedtak

Tilråding frå Formannskap

Samrøystes

Kommunestyret vedtek å løyve kr 100 000 i kommunalt tilskot til Vindafjord skogeigarlag for utviding av tømmerkaia på Utbjoa.

Tilskotet vert grunngjeve med at kaia har regional betydning for skogbruket, og at ein stor del av tømmeret frå Etne kommune vert skipa ut via kaia.

Tilskotet vert finansiert med bruk av midlar frå disposisjonsfond.

24.02.2026 Kommunestyre

Behandling

K - 006/26 Vedtak

Samrøystes

Kommunestyret vedtek å løyve kr 100 000 i kommunalt tilskot til Vindafjord skogeigarlag for utviding av tømmerkaia på Utbjoa.

Tilskotet vert grunngjeve med at kaia har regional betydning for skogbruket, og at ein stor del av tømmeret frå Etne kommune vert skipa ut via kaia.

Tilskotet vert finansiert med bruk av midlar frå disposisjonsfond.

007/26 Mindre endring av føresegner i arealdelen til kommuneplanen for Etne kommune. 2.gangs handsaming.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-17 blir mindre endring av føresegner i arealdelen til kommuneplanen for Etne kommune vedteke slik ho ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskap, 10.02.2026 - 006/26

Tilråding frå Formannskap

Samrøystes

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-17 blir mindre endring av føresegner i arealdelen til kommuneplanen for Etne kommune vedteke slik ho ligg føre.

10.02.2026 Formannskap

Behandling

F - 006/26 Vedtak

Tilråding frå Formannskap

Samrøystes

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-17 blir mindre endring av føresegner i arealdelen til kommuneplanen for Etne kommune vedteke slik ho ligg føre.

24.02.2026 Kommunestyre

Behandling

K - 007/26 Vedtak

Samrøystes

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-17 blir mindre endring av føresegner i arealdelen til kommuneplanen for Etne kommune vedteke slik ho ligg føre.

008/26 Nyval Eldreråd etter fritak - Ola Djuve

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Følgjande personar vert for resten av perioden 2023 - 2027 valde inn i Eldreråd:

1. Unni Halvorsen
2. ?
3. Liv Kandheim
4. Einride Aakra
5. Vigdis Madssen

Vara

1. Siri Klokkestuen
2. Ingvor Gundegjerde
3. Arne Birkenes

Vedtak som innstilling frå Valnemnd, 10.02.2026 - 001/26

Tilråding frå Valnemnd

Samrøystes

Følgjande personar vert for resten av perioden 2023 - 2027 valde inn i Eldreråd:

1. Unni Halvorsen
2. **Torbjørn Åsheim**
3. Liv Kandheim
4. Einride Aakra
5. Vigdis Madssen

Vara

1. Siri Klokkestuen
2. Ingvor Gundegjerde
3. Arne Birkenes

10.02.2026 Valnemnd

Behandling

VN - 001/26 Vedtak

Tilråding frå Valnemnd

Samrøystes

Følgjande personar vert for resten av perioden 2023 - 2027 valde inn i Eldreråd:

1. Unni Halvorsen
2. **Torbjørn Åsheim**
3. Liv Kandheim
4. Einride Aakra
5. Vigdis Madssen

Vara

1. Siri Klokkestuen
2. Ingvor Gundegjerde
3. Arne Birkenes

24.02.2026 Kommunestyre

Behandling

K - 008/26 Vedtak

Samrøystes

Fylgjande personar vert for resten av perioden 2023 - 2027 valde inn i Eldreråd:

1. Unni Halvorsen
2. **Torbjørn Åsheim**
3. Liv Kandheim
4. Einride Aakra
5. Vigdis Madssen

Vara

1. Siri Klokkestuen
2. Ingvor Gundegjerde
3. Arne Birkenes

009/26 Nyval Råd for menneske med nedsett funksjonsevne etter fritak - Linda Moberg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Fylgjande personar vert for resten av perioden 2023 - 2027 valde inn i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

1. Leif Arne Kallestadbakken
2. Syliva Thör
3. ?
4. Hanne Therese Åsbø
5. Øyvind Kaldheim

Vara

1. Solvor Flatebø Grønstad
2. Kari Johansson
3. Arild Stenberg

Vedtak som innstilling frå Valnemnd, 10.02.2026 - 002/26

Tilråding frå Valnemnd

Samrøystes

Valnemnd legg fram tilråding i kommunestyre.

10.02.2026 Valnemnd

Behandling

VN - 002/26 Vedtak

Tilråding frå Valnemnd

Samrøystes

Valnemnd legg fram tilråding i kommunestyre.

24.02.2026 Kommunestyre

Behandling

Forslag - Ny tilråding frå Valnemnd, foreslått av ,

Fylgjande personar vert for resten av perioden 2023 - 2027 valde inn i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

1. Leif Arne Kallestadbakken
2. Syliva Thör
- 3. Tanja Therese Horneland**
4. Hanne Therese Åsbø
5. Øyvind Kaldheim

Vara

1. Solvor Flatebø Grønstad
2. Kari Johansson
3. Arild Stenberg

K - 009/26 Vedtak

Samrøystes

Fylgjande personar vert for resten av perioden 2023 - 2027 valde inn i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

1. Leif Arne Kallestadbakken
2. Syliva Thör
- 3. Tanja Therese Horneland**
4. Hanne Therese Åsbø
5. Øyvind Kaldheim

Vara

1. Solvor Flatebø Grønstad
2. Kari Johansson

3. Arild Stenberg

010/26 Val av representantar til årsmøte i SØK-stiftinga - 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Etne kommune sine representantar til årsmøte i SØK-stiftinga - 2026:

1.

vara:

2.

vara:

Vedtak som innstilling frå Valnemnd, 10.02.2026 - 003/26

Tilråding frå Valnemnd

Samrøystes

Etne kommune sine representantar til årsmøte i SØK-stiftinga - 2026:

1. Ordførar

vara: Varaordførar

2. Kommunedirektør

vara: Økonomileiar

10.02.2026 Valnemnd

Behandling

VN - 003/26 Vedtak

Tilråding frå Valnemnd

Samrøystes

Etne kommune sine representantar til årsmøte i SØK-stiftinga - 2026:

1. Ordførar

vara: Varaordførar

2. Kommunedirektør

vara: Økonomileiar

24.02.2026 Kommunestyre

Behandling

K - 010/26 Vedtak

Samrøystes

Etne kommune sine representantar til årsmøte i SØK-stiftinga - 2026:

1. Ordførar

vara: Varaordførar

2. Kommunedirektør

vara: Økonomileiar

011/26 Val til representantskapet i Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefellesskap

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Fylgjande vert valde til representantskapet i Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefellesskap:

Representant:

Vararepresentant:

Vedtak som innstilling frå Valnemnd, 10.02.2026 - 004/26

Tilråding frå Valnemnd

Samrøystes

Fylgjande vert valde til representantskapet i Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefellesskap:

Representant: Ordførar

Vararepresentant: Varaordførar

10.02.2026 Valnemnd

Behandling

VN - 004/26 Vedtak

Tilråding frå Valnemnd

Samrøystes

Fylgjande vert valde til representantskapet i Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefellesskap:

Representant: Ordførar

Vararepresentant: Varaordførar

24.02.2026 Kommunestyre

Behandling

K - 011/26 Vedtak**Samrøystes**

Fylgjande vert valde til representantskapet i Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgavefellesskap:

Representant: Ordførar

Vararepresentant: Varaordførar

012/26 Borgarleg vigsle - delegering av mynde til vigsle i juni 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Etne kommunestyret gir mynde til kommunestyrerepresentant og formannskapsmedlem, Kenneth Lyng Karlsen (Frp), til å vie eit par i juni 2026.

24.02.2026 Kommunestyre**Behandling**

Åge Madsgård (Frp) bad om å få vurdert habiliteten sin.

Røysting habilitet

Samrøystes inhabil.

K - 012/26 Vedtak**Samrøystes**

Etne kommunestyre gir mynde til kommunestyrerepresentant og formannskapsmedlem, Kenneth Lyng Karlsen (Frp), til å vie eit par i juni 2026.

013/26 Oppgradering Etne tinghus - justering av forventa tillegg og usikkerheitsavsetning